
Saksnr: 2021/2254-22
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 14.06.2021

Til: Ida-Beate Mølmesdal

Frå: Vestland ungdomsutval

Høyringsuttale planprogram regional plan for klima - VU

Vestland ungdomsutval hadde møte 9. juni 2021, og i PS 26/21 «Høyring - planprogram regional plan for klima» vedtok dei å gi følgjande høyringsinnspel:

Vestland ungdomsutval synst at plan for regional plan for klima inneheld mange gode punkt. Denne prioriteringa som blir gjort er på mange måtar funksjonell. Det er viktig for ungdomen at Vestland fylkeskommune har ei berekraftig utvikling, der ein tenker at framtidige behov også skal kunne dekkast. Målet om null klimautslepp stiller me oss veldig positive til. Ein ting som ungdomen saknar i planen er det med å minske matsvinn. Ved å redusere matsvinn i Vestland kan ein få ned produksjonen av mat, og dermed redusere utsleppa meir.

Mia Holdhus
leiar, VU